

Fra: John Ragnar Myking <John.Ragnar.Myking@hvl.no>
Sendt: søndag 3. juli 2022 22:13
Til: Postmottak Alver
Kopi: Morten Hjortland; tommagnussen1962@gmail.com; Rune Vedeler; Nils Kvalvågnes
Emne: Sak 22/257 – 22/46970 - Tilleggsopplysningar gbrnr 84/4 Kvalvågneset
Vedlegg: Vedlegg A. Søknad om dispensasjon.pdf; Vedlegg B. Stigningsgrad veg.docx; Vedlegg C. Erklæring signert.pdf

Tilleggsopplysningar gbrnr 84/4 Kvalvågneset

Sak 22/257 – 22/46970

Eg viser til brev frå dykk dagsett 22.06.2022 der de i fire punkt ber om tilleggsopplysningar i sak 22/257 - SØKNAD OM BYGGELØYVE FOR PARKERINGSPLASSAR OG LOVLEGGJERING AV OPPGRADERT GARDSVEG på gbrnr 84/4 Kvalvågneset

1. Dispensasjonssøknad er no vedlagt (Vedlegg A) . Alle naboar er tidlegare varsla om at me søker dispensasjon (avkryssa i skjema, sjå vedlegg 7 i søknaden). Dessutan er alle hytteeigarar med på søknaden om byggeløyve og lovleggjering og alle involverte har fått kopi av søknaden vår til Alver kommune (22/257) med alle vedlegg Det synest difor unødvendig å senda nabovarsel på nytt.
2. Terrenngrep er tidlegare vist i vedlegg 3 og 4 i søknaden vår. Me har no rekna ut stigningsgraden på vegen. Som dokumentasjon legg med ved eit foto som viser at vegen stig 2 meter. Vegen som er om lag 20 meter lang. Dette gjev ein stigningsgrad på 1:10 (vedlegg B).
3. Me legg også ved eit samtykke frå gbrnr 84/25 om plassering av vegen i nabogrense (vedlegg C).
4. Av vedlegg 7 i søknaden (22/257) går det fram at underteikna søker om å stå ansvarleg for utbygginga (sjølvbyggjaransvar). Det er maskinentreprenør Alf Magne Kvalvåg, Onesvegen 9, 5956 Hundvin som har utført det arbeidet som til no er gjort og som har teke på seg å fullføra resten av bygginga dersom søknaden vår vert godkjent.

Eg vonar at desse opplysningane gjev svar på førespurnaden dykkar og at søknaden no kan verta handsama så rask som mogeleg. Eg gjer merksam på at søknaden vår vart liggjande i byggesaksavdelinga i meir enn 6 månader før me fekk svar frå Alver kommune.

Vennleg helsing

John Ragnar Myking

